

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Det vart gjeve slikt svar:

«Fylkesrådmannen viser til spørsmål frå Aud Karin Oen:

«22. mars tok tusenvis av born og unge til gatene for ei betre framtid i heile Noreg. «Me har berre ein klode», var ein av parolane. Dette engasjementet vert etter det eg forstår ført som ulovleg fråvær i den vidaregåande skulen i Hordaland, medan t.d. Bergen kommune ikkje gjer det. Kva tenkjer fylkesordføraren om at dette miljøengasjementet vert ført som fråvær, og er det mogleg å gjera noko med dette?»

Hausten 2016 vart det innført fråværsgrense i den vidaregåande skulen. Regelverket for fråværsføring finn ein i rundskriv UDIR 3-2016 fråværsgrensa. Med utgangspunkt i regelverket sende fylkesdirektør opplæring i mars ut følgjande melding til dei vidaregåande skulane i HFK:

*«Slik vi tolkar regelverket (forskrifta), er det berre politiske verv som gjev rett til godkjent fråvær, ikkje deltaking i politiske aksjonar.*

*Dersom ein skule legg opp til at 14. mars kan brukast som del av eit fagleg opplegg med læringsmål, stiller saka seg litt annleis.»*

Utdanningsdirektoratet har svart slik på ein førespurnad frå ein anna fylkeskommune i mars 2019 om fråværsføring i samband med klimademonstrasjonar:

*«Vi viser til deres spørsmål om deltaking i klimademonstrasjon i skoletiden vil kunne regnes som «politisk arbeid». Dokumentert politisk arbeid kan unntas fra fraværsgrensen og fra føring på vitnemålet etter forskrift til opplæringsloven § 3-47 jf. § 3-3. Politisk arbeid vil typisk være deltaking i kommunestyre eller arbeid for et parti, men det finnes ikke nasjonale retningslinjer for hva som vil omfattes av begrepet. Det er ikke ønskelig at alt arbeid av politisk karakter skal omfattes av begrepet, særlig arbeid som lett kan gjøres utenfor skoletiden. Tidligere Kunnskapsminister Rø Isaksen har svart på et skriftlig spørsmål om politisk streik i Stortinget. Politisk streik vil vanligvis ikke regnes som politisk arbeid, men dette vil kunne avhenge av den enkelte elevens rolle. Dette må vurderes lokalt. Dersom skolene godtar elevstreik som dokumentert fravær uten å gå inn i den enkelte elevens rolle, vil dette ikke være i tråd med reglene. Dette vil også gjelde den varslede nasjonale klimademonstrasjonen i 22. mars.»*

Fråværsføring ved politiske demonstrasjonar vart også diskutert i forum for fylkesutdanningsdirektørar førre veke. Alle fylkesdirektørene er samde om at i utgangspunktet skal alt fråvær førast. Skulen ved rektor må i det einskilde høve gjere ei vurdering om eleven si rolle kan definerast som politisk arbeid. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg å vere medlem i eit politisk parti for å få dokumentert fråvær under streik.

Når det gjeld elevane frå Bergen kommune så går dei på ungdomsskulen. Ungdomsskulen er underlagt eit anna regelverk for fråværsføring.»